

Språkrådet

KONKURRANSEGRUNNLAG

Anskaffing etter forskrifta del I for innkjøp av undersøking av
språket elevane møter i skulen

Saksnummer 26/489

Innhold

1	GENERELL OMTALE AV UNDERSØKINGA	3
1.1	Kort om oppdragsgjevar	3
1.2	Kunngjering.....	3
1.3	Overordna om føremålet med undersøkinga	3
1.4	Bakgrunnen for undersøkinga	3
1.5	Økonomisk ramme og tidsramme for undersøkinga	4
1.6	Nærare skildring av oppdraget	5
1.7	Viktige datoar og tidsfristar	7
1.8	Prisar	8
1.9	Fakturering.....	8
2	REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN	8
2.1	Anskaffingsprosedyre	8
2.2	Skatteattest	9
2.3	Offentlegheit og teieplikt	9
2.4	Vedståingsfrist	9
2.5	Oppdatering av konkurransegrunnlaget.....	9
2.6	Tilleggsopplysningar	9
2.7	Kommunikasjon	9
3	KVALIFIKASJONSKRAV	10
3.1	Registrering, autorisasjon osv. som leverandøren må ha	10
3.2	Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane som leverandøren må ha.....	10
3.3	Den økonomiske og finansielle kapasiteten leverandøren må ha	10
4	TILDELINGSKRITERIUM.....	11
4.1	Evaluering av tilbod etter tildelingskriterium	12
4.2	Klima og miljø.....	12
5	INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING	12
5.1	Innlevering	12
5.2	Utforming av tilbodet	13
6	KONTRAKT OG DATABEHANDLARAVTALE	13
7	VEDLEGG	13

1 GENERELL OMTALE AV UNDERSØKINGA

1.1 Kort om oppdragsgjevar

Språkrådet arbeider for å styrkje det norske språket og språkmangfaldet i landet. Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet.

1.2 Kunngjering

Anskaffinga er kunngjort hos Mercell.

1.3 Overordna om føremålet med undersøkinga

Språkrådet ønskjer å gjennomføre ei undersøking av språk og språkleg kvalitet i mykje brukte læremiddel og digitale ressursar og verktøy i skulen.

Føremålet med undersøkinga er å skaffe kunnskap om og innsikt i det skriftspråklege landskapet rundt elevane i skulen. Språkrådet ønskjer at den valde leverandøren skal vurdere korleis språket og den språklege kvaliteten i læremiddel og digitale ressursar og verktøy kan verke inn på elevane si lese- og skriveutvikling i bokmål og nynorsk.

Undersøkinga er ein del av Språkrådets arbeid med å kartleggje språksituasjonen i Noreg og følgje opp arbeidet med tilgangen barn og unge har til norsk språk, og til bokmål og nynorsk i opplæringa. Målet er at resultata frå undersøkinga skal styrkje kunnskapsgrunnlaget for det språkpolitiske arbeidet vårt.

1.4 Bakgrunnen for undersøkinga

Både nasjonale prøver i lesing, OECD-undersøkinga Programme for International Student Assessment (PISA) og den internasjonale undersøkinga Progress in International Reading Literacy Study (PIRLS) syner at lesedugleiken til norske elevar har vorte dårlegare over tid, og at det har vorte fleire av dei svakaste lesarane. Regjeringa har lansert leselyststrategi, leseløft og lesekommisjon for å snu den nedgåande trenden. Derimot finst det ikkje systematisk kunnskap om skriveugleiken til norske elevar på tilsvarande vis.

Læraren og læremidla verkar så å seie direkte inn på lese- og skriveopplæringa i skulen, og opplæringslova §§ 15-3 og 15-4 stiller krav om at skulen skal bruke

- læremiddel som følgjer offisiell rettskriving og ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og til same pris
- ordbøker og ordlister som er godkjende av Språkrådet
- skriveprogram som følgjer offisiell norsk rettskriving og som støttar både bokmål og nynorsk

Både skulen og samfunnet elles har sett ei rask digitalisering dei siste tiåra, og læremiddelsituasjonen i norsk skule er fragmentert og uoversiktleg. I fjor la Riksrevisjonen fram ein rapport etter å ha undersøkt læremidla i grunnskulen og i vidaregåande skule. To av dei fem konklusjonane etter revisjonen var at skulane manglar læremiddel, og at det ikkje vert lagt tilstrekkeleg til rette for god pedagogisk bruk av digitale læremiddel. Riksrevisjonen peika på at det finst lite forskning på digitaliseringa av undervisning, men at forskinga som finst, syner at potensialet for å fremje læring ikkje er utnytta. Fleire kunnskapsoversyn løftar fram at læraren er viktig i alle fasane i læringsprosessane med digital teknologi (Riksrevisjonen, dokument 3:17 (2024–2025), side 82).

I fjor la også NIFU fram ein rapport etter ei kunnskapsinnhenting om digitale læringsressursar på nynorsk på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet (NIFU, rapport 2025:9). Rapporten synte at det var færre læringsressursar på nynorsk enn på bokmål, og at kvaliteten på det nynorske innhaldet ofte var dårlegare enn kvaliteten på bokmål. Rapporten synte også at læremiddeldefinisjonen i opplæringslova skapte utfordringar i gjennomføringa av kunnskapsinnhentinga, ettersom det i praksis ikkje er eit fungerande skilje mellom til dømes læremiddel, læringsressurs, undervisningsopplegg eller læringsunivers.

Sjølv om Riksrevisjonen konkluderte med at det mangla læremiddel i skulen, finst det likevel veldig mange ulike læremiddel og ressursar retta mot grunnopplæringa. Språkrådet kjenner ikkje til oppdatert kunnskap om kva læremiddel eller ressursar som er mykje brukte i skulen, og Språkrådet kjenner heller ikkje til innhaldet i mange av dei digitale læremidla, ressursane og verktøya – fordi allmenta ikkje har tilgang til desse.

Språkrådet ønskjer derfor å undersøkje kva språk og språkleg kvalitet som møter elevane i dei læremidla og digitale ressursane og verktøya som er mykje brukte i skulen. Undersøkingane og analysane som følgjer, skal vere i tråd med føremålet med undersøkinga, nemleg å skaffe kunnskap om og innsikt i det språklege landskapet rundt elevane i skulen, og om korleis skriftspråket og den språklege kvaliteten i læremiddel og digitale ressursar og verktøy kan verke inn på elevane si lese- og skriveutvikling i bokmål og nynorsk.

1.5 Økonomisk ramme og tidsramme for undersøkinga

Undersøkinga har ei økonomiske ramme som gjer at ho er regulert av del I i forskrift om offentlege anskaffingar.

Den estimerte prisen for undersøkinga er mellom 600 000 kroner og 800 000 kroner, ikkje medrekna meirverdiavgift. Den maksimale prisen er 800 000 kroner, ikkje medrekna meirverdiavgift.

Språkrådet ønskjer at den skriftlege delen av oppdraget skal vere ferdig og levert seinast 15. oktober 2027. Tidspunkt for munnlege presentasjonar av undersøkinga skal avtalast mellom Språkrådet og leverandøren.

1.6 Nærare skildring av oppdraget

1.6.1 Kva som inngår i undersøkinga

Her følgjer ei oversikt over det Språkrådet ønskjer at arbeidet med undersøkinga skal omfatte. Språkrådet er opne for å snevre inn omfanget eller justere problemstillingane dersom vi i samråd med den valde leverandøren kjem fram til at det er nødvendig for at det skal vere mogleg å gjennomføre oppdraget innanfor dei økonomiske rammene og tidsramma i prosjektet. Språkrådet og leverandøren vert einige om endeleg val av trinn, fag og eventuell geografisk inndeling av undersøkinga.

Språkrådet ønskjer at undersøkinga skal svare på spørsmåla som følgjer under. Spørsmåla skal lesast i lys av føremålet med undersøkinga, nemleg korleis leverandøren vurderer at skriftspråket og den språklege kvaliteten i læremiddel og digitale ressursar og verktøy kan verke inn på elevane si lese- og skriveutvikling i bokmål og nynorsk.

1. Kva skriftspråk og språkleg kvalitet er det elevane møter i mykje brukte læremiddel og digitale læringsressursar og verktøy?

Krava om rettskriving og parallelle utgåver på bokmål og nynorsk i opplæringslova §§ 15-3 og 15-4 gjeld berre for læremiddel, ordlister og skriveprogram. Krava gjeld ikkje for andre ressursar eller verktøy, med mindre dei er omfatta av språklova § 14 tredje ledd.

Språkrådet ønskjer at undersøkinga skal gje eit bilete av det språklege landskapet som elevane møter i klasserommet og i læremidla, ressursane og verktøya som dei bruker mykje, uavhengig av kva midla, ressursane eller verktøya kan kallast eller kategoriserast som. Dette inneber at leverandøren først må gjere ei kartlegging av kva som er mykje brukt, før leverandøren undersøker skriftspråk og språkleg kvalitet i eit relevant utval av det som er mykje brukt. Kva som er å rekne som «mykje» og «lite» i bruk, vil henge saman med kva undersøkinga finn ut om bruken.

Språkrådet fekk gjennomført ei undersøking av språkleg kvalitet i læremiddel i 2013. Sjå Språkrådets skrifter nr. 3 frå 2013: «Språklig kvalitet i læremidler. Rapport utarbeidet av Høgskolen i Vestfold på oppdrag fra Språkrådet». Rapporten bygde på ei undersøking av språkleg og tekstleg framstillingsform i lærebøker i faga samfunnsfag og naturfag på 4. og 8. steget i grunnskulen og på 1. steget i vidaregåande opplæring. Språkrådet ønskjer at delar av denne undersøkinga skal vere komparativ med delar av undersøkinga frå 2013.

Med «skriftspråk» meiner vi både norsk og andre språk elevane møter i skulen. Innanfor norsk meiner vi bokmål og nynorsk, inkludert normval innanfor desse to skriftspråka. Når det gjeld «språkleg kvalitet», skal leverandøren undersøke språket i dei mykje brukte læremidla, ressursane og verktøya, og undersøke kva i det tekstlege som kan verke inn på lese- og skriveopplæringa og korleis. Sjå til dømes kvalitetskategoriane frå 2013-rapporten.

2a. Kva avgjer val av skriftspråk i mykje brukte læremiddel, ressursar og verktøy?

2b. Kva vurderingar er gjort med omsyn til språkleg kvalitet i samband med vala?

Elevane skal ha opplæring i bokmål og nynorsk etter læreplan i norsk, samtidig som lesing og skriving er grunnleggjande dugleikar i alle fag i heile opplæringsløpet. Foreldra til elevane på 1. til 7. trinn vel om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk. Elevar på 8. til 10. trinn og i vidaregåande skule vel sjølve om dei skal bruke bokmål eller nynorsk, og om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk. Dette er regulert i opplæringslova §§ 3-1 og 6-1.

Lærarar, skular og kommunar og fylkeskommunar tek val om bruk og innkjøp av læremiddel og digitale ressursar og verktøy. I proposisjonen til ny opplæringslov understreka departementet at «samansetninga av læremiddel og ressursar som blir brukte, i sum skal støtte opp under skriftspråket til eleven. Kva som blir omfatta av parallellitetskravet, skal sjåast i samanheng med retten elevane har til å velje om læremidla deira skal vere på bokmål eller nynorsk. Kommunen og fylkeskommunen pliktar å sjå til at elevane i størst mogleg grad møter læremiddel på sitt eige skriftspråk», jf. Prop. 57 L (2022-2023), side 143.

Språkrådet ønskjer at undersøkinga skal gje kunnskap om kva vurderingar lærarane og innkjøpsansvarlege har gjort av skriftspråk og språkleg kvalitet i dei læremidla, ressursane og verktøya som leverandøren kategoriserer som mykje brukte under spørsmål 1.

1.6.2 Krav til leveransen

Funna frå undersøkingane og analysen av desse skal presenterast skriftleg i ein rapport og i ein eller fleire munnlege presentasjonar.

Rapport

Rapporten skal innehalde døme på og skjermbilete av innhald i læremidla, ressursane og verktøya som er undersøkte. Rapporten skal òg innehalde vurderingar og tilrådingar om tiltak som kan styrkje tilgangen elevane har til bokmål og nynorsk som følgjer offisiell rettskriving. Leverandøren skal òg føreslå spørsmål og problemstillingar som kan vere relevante for Språkrådet eller andre å undersøkje nærare.

Dersom det vert laga tabellar og figurar som ikkje er føremålstenlege å ha med i sjølve rapporten, skal desse leverast som vedlegg. Språkrådet, og eventuelle forskarar som samarbeider med leverandøren, skal også ha full tilgang til analysen og rådata frå undersøkinga, og løyve til å bruke desse i vidare arbeid.

Munnlege presentasjonar

Funn frå undersøkingane skal presenterast for Språkrådet før leverandøren gjennomfører analysen og ferdigstiller rapporten.

I samband med publisering av rapporten skal leverandøren først presentere hovudfunna munnleg med bruk av PowerPoint eller liknande for kontaktpersonar i Språkrådet og deretter for dei andre tilsette i Språkrådet med eventuell ekstern deltaking. Tid og stad for presentasjonane skal avtalast nærare mellom Språkrådet og leverandøren.

Klart og korrekt språk

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og stiller krav om klart og korrekt språk i leveransen. Leverandøren må om nødvendig nytte seg av profesjonell språkvask og korrektur for å oppnå dette.

Utforminga og presentasjonen av rapporten skal skje i samråd med Språkrådet.

Samarbeid

Språkrådet og leverandøren skal i samarbeid kome fram til den endelege utforminga av undersøkinga. Leverandøren må derfor vere open for å samarbeide med Språkrådet i planlegginga.

Leverandøren må vere open for å samarbeide med forskingsmiljø eller enkeltforskarar og stille datamateriale og analyse tilgjengeleg for eventuelle samarbeidspartnarar.

Personvern

Leverandøren må handtere data i samsvar med personvernlovgjevinga.

Leverandøren må informere eventuelle deltakarar i undersøkinga om korleis det vert teke omsyn til personvern i undersøkinga, og det må gjerast i eit språk som er forståeleg for folk utan it-fagleg eller personvernrettsleg ekspertise.

1.7 Viktige datoar og tidsfristar

Språkrådet har desse tidsrammene for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Språkrådet kunngjer konkurransen	15. juni 2026
Frist for tilbydarar til å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget (spørsmålsfrist)	19. august 2026, kl.12.00
Frist for tilbydarar til å levere tilbod (tilbodsfrist)	26. august 2026, kl. 12.00
Språkrådet evaluerer innkomne tilbod	Veke 35–37
Språkrådet kunngjer val av leverandør til tilbydarane	Veke 37
Utløp av karenperiode (klagefrist for tilbydarar)	10 kalenderdagar etter at Språkrådet har kunngjort valt leverandør
Språkrådet inngår kontrakt med vald leverandør	September 2026
Frist for leverandøren å vedstå tilbodet (vedståingsfrist)	30. oktober 2026
Møte for statusoppdatering og førebelse funn	Vår/sommar 2027

Merk at tidspunkta etter tilbudsfristen er førebelse og kan justerast etter behov. Ei eventuell forlenging av fristen for å vedstå tilbodet kan berre skje med samtykke frå leverandøren.

1.8 Prisar

Tilbydar skal gje totalpris for oppdraget. Følgjande skal inngå i totalpris for oppdraget:

- eventuell rekruttering
- dataanalyse
- utvikling av eventuelle spørsmål og spørjeskjema
- utvikling av eventuell intervjuguide
- konkretisering av problemstilling
- presentasjon av funn og resultat, både skriftleg og munnleg
- rådgjeving, møteverksemd og faglege diskusjonar undervegs

1.9 Fakturering

Oppdraget strekkjer seg over to år. Det vil seie at utbetalinga skjer i to omgangar: første gong hausten 2026 ved oppstart av oppdraget og neste ved leveranse av ferdig rapport i 2027. Den valde leverandøren skal sende alle fakturaene elektronisk i standardformatet EHF til organisasjonsnummer 971 527 404 (Språkrådet) med ein betalingsfrist på 30 dagar. Fakturaen for 2026 må ikkje ha seinare betalingsfrist enn 15. desember 2026. Fakturaen for 2027 må ikkje ha seinare betalingsfrist enn 15. desember 2027.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga vert gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974, del I.

Sidan anskaffinga har ein verdi som ligg mellom 100 000 kroner og 1,3 millionar kroner (ikkje medrekna meirverdiavgift), kan Språkrådet velje om vi vil kunngjere anskaffinga offentleg, eller om vi vil invitere spesifikke leverandørar til å levere tilbod. Språkrådet har valt det første og kunngjer anskaffinga offentleg.

Språkrådet planlegg å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover eventuelle mindre avklaringar eller korrigeringar av tilboda. Forhandlingar kan likevel verte gjennomførte etter at tilboda er mottekne, dersom Språkrådet vurderer det som føremålstenleg. Utveljinga av kven det eventuelt skal forhandlast med, vil i så tilfelle

verte gjort etter ei vurdering av korleis tildelingskriteria er oppfylte. Merk at ingen av tilbydarane kan vente dialog om tilbodet sitt og må derfor levere sitt beste tilbod.

Vi oppmodar tilbydarar om å følgje dei instruksjonane som vert gjevne i dette konkurransegrunnlaget og eventuelt stille spørsmål om konkurransegrunnlaget i Mercell.

2.2 Skatteattest

Den valde leverandøren skal levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom den valde leverandøren er norsk. Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn seks månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

2.3 Offentlegheit og teieplikt

Innsyn for allmenta i dokument som er knytte til ei offentleg anskaffing, er regulert av offentleglova. Språkrådet har plikt til å hindre at andre får tilgang til eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller andre drifts- eller forretningstilhøve som det er viktig å halde hemmeleg av omsyn til konkurransesituasjonen til den som opplysningane gjeld, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4, jf. forvaltningslova § 13.

2.4 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet innan fristen i tabellen i punkt 1.7 ovafor.

2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vert formidla til alle leverandørar som har meldt interesse for anskaffinga i Mercell.

2.6 Tilleggsopplysningar

Dersom ein tilbydar meiner at konkurransegrunnlaget ikkje gjev god nok rettleiing eller er uklart, kan tilbydaren be om tilleggsopplysningar frå Språkrådet i Mercell.

Dersom ein tilbydar oppdagar feil i konkurransegrunnlaget, ber Språkrådet om at tilbydaren melder frå til Språkrådet om dette i Mercell.

2.7 Kommunikasjon

All kommunikasjon i prosessen skal gå føre seg i Mercell. Kommunikasjonen vert loggført. Språkrådet vil svare tilbydarar direkte, men vil også leggje ut spørsmål og svar (anonymisert) under fana «Tilleggsinformasjon». Alt av kommunikasjon, dokumentasjon og tilbod skal vere på norsk (bokmål eller nynorsk).

3 KVALIFIKASJONSKRAV

Tilbydaren må stadfeste og dokumentere at verksemda oppfyller kvalifikasjonskrava som er oppgjevne nedafor, for at tilbodet skal verte evaluert.

3.1 Registrering, autorisasjon osv. som leverandøren må ha

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, i eit fagleg register eller i eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<ul style="list-style-type: none">- Norske selskap: firmaattest- Utanlandske selskap: dokumentasjon som viser at selskapet er registrert i bransjeregister eller føretaksregister, etter lovgivinga i landet der leverandøren er etablert- Dokumentasjonen skal ikkje vere eldre enn seks månader rekna frå tidspunktet tilbodsfristen går ut.

3.2 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane som leverandøren må ha

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring frå samanliknbare oppdrag.	<p>Gje ei skildring av inntil tre relevante oppdrag. Gje opp verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post) for oppdraget. Leverandøren har ansvar for å dokumentere i kva grad oppdraget er relevant, og dette må gå fram av skildringa.</p> <p>Leverandøren kan òg dokumentere erfaring frå relevante oppdrag ved å vise til personell leverandøren rår over, og som han kan nytte seg av til oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.</p>

3.3 Den økonomiske og finansielle kapasiteten leverandøren må ha

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne oppfylle kontrakten.	Kredittvurdering som baserer seg på dei siste oppdaterte rekneskapstala. Kredittvurderinga skal vere utført av godkjend kredittvurderingsverksemd.
Kravet om økonomisk og finansiell kapasitet er oppfylt dersom leverandøren har tilfredsstillande kredittverdigheit.	Dokumentasjonen skal ikkje vere eldre enn eitt år rekna frå tidspunktet tilbodsfristen går ut.

Dersom ein leverandør har sakleg grunn til å ikkje leggje fram dokumentasjonen som Språkrådet krev, kan tilbydaren dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eit anna dokument som Språkrådet reknar som eigna.

4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje etter ei vurdering av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom kvalitet og pris, basert på kriteria i tabellen nedafor.

Kriterium	Dokumentasjon
<p>Kvalitet og fagleg relevans (vekting 70 %)</p> <p>Under dette kriteriet vurderer vi</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. korleis leverandøren forstår oppdraget 2. korleis leverandøren føreslår å løyse oppdraget (prosjektskildding og realistisk tidsplan) 3. kvalifikasjonane og erfaringa til personane som skal gjennomføre oppdraget 4. den faglege kompetansen til leverandøren 5. erfaring frå samanliknbare oppdrag 	<p>Kvalitet og fagleg relevans skal gjerast greie for i tilbodet frå leverandøren.</p> <p>Det må også kome fram i tilbodet korleis leverandør ser for seg å involvere Språkrådet i prosessen.</p> <p>Tilbodet bør difor innehalde:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Skildding av leverandøren si forståing av oppdraget 2. Prosjektskildding som inneheld problemstilling, teoritilfang og metode, og framdriftsplan for planlegging, gjennomføring, analyse, rapport og presentasjon (maksimalt tre sider) 3. Skildding av kvalifikasjonane og fagkompetansen til personane som skal gjennomføre oppdraget 4. Skildding av den faglege kompetanse til leverandøren 5. Kort skildding av relevant erfaring frå samanliknbare oppdrag skilddra under kvalifikasjonskrav, punkt 3.2 <p>Språkrådet kjem til å vektleggje kvaliteten på prosjektskilddinga i vurderingane av kvalitet og fagleg relevans.</p>
<p>Pris (vekting 30 %)</p>	<p>Tilbodet skal innehalde totalpris for heile oppdraget, ikkje medrekna meirverdiavgift.</p>

4.1 Evaluering av tilbod etter tildelingskriterium

Språkrådet kjem til å vurdere tilboda etter tildelingskriteria, med ein poengskala frå 0 til 10, der 10 er best. Når vi evaluerer pris, legg vi ein lineær skala til grunn, der leverandøren som tilbyr den lågaste prisen, får 10 poeng.

Vi vurderer kriteriet for kvalitet og fagleg relevans etter fagleg skjønn, og det beste tilbodet innanfor kriteriet vert tildelt 10 poeng. Poenga til dei andre tilbydarane vurderer vi etter skjønn. Vi kjem til å ta omsyn til eventuelle atterhald og avvik under det enkelte kriteriet.

Når vi har vurdert alle tilboda, kjem vi til å rekne ut ein totalsum på grunnlag av prosentvekta til det enkelte kriteriet. Deretter tildeler vi oppdraget til den tilbydaren som er best ut frå kriteria og vektinga.

4.2 Klima og miljø

Språkrådet meiner at undersøkinga ikkje vil ha eit vesentleg klimaavtrykk eller utgjere ei vesentleg miljøbelastning. Derfor er ikkje klima- og miljøomsyn blant tildelingskriteria i denne anskaffinga.

5 INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING

5.1 Innlevering

Tilbudet skal leverast elektronisk via Mercell – www.mercell.com – innan tilbodsfristen.

Tilbydarar som ikkje er brukarar av Mercell, eller som har spørsmål som gjeld funksjonalitet i verktøyet, kan ta kontakt med Mercell Support på telefon 21 01 88 60 eller på e-post support@mercell.com.

Dersom det er delar av tilbodet tilbydar ikkje vil at skal offentleggjerast i ein eventuell innsynsførespurnad, må tilbydar leggje ved ein versjon av tilbodet som er klargjort for innsyn, med naudsynnte sladdar.

Tilbydaren vil under innlevering av tilbodet verte beden om ein elektronisk signatur for å stadfeste at det er den aktuelle tilbydaren som har sendt inn tilbodet. Elektronisk signatur kan tingast på www.commfider.com, www.buypass.no eller www.bankid.no.

5.2 Utforming av tilbodet

Tilbodet skal følge denne komposisjonen:

Disposisjon	Skildring
1	Tilbodsbrief, jf. vedlegg 1
2	Informasjon om totalpris for oppdraget, jf. tildelingskriterium under punkt 4
3	Dokumentasjon på kvalitet og fagleg relevans, jf. tildelingskriterium under punkt 4
4	Skatteattest
5	Firmaattest
6	Dokumentasjon på finansiell kapasitet
7	Tekniske og faglege kvalifikasjonar
8	Ein versjon av tilbodet med eventuelle naudsynthe sladdar. Dersom nokon ber om innsyn i konkurransen, er det denne versjonen Språkrådet deler, jf. punkt 5.1

Tilbodet vert vedlegg 10 til avtalen mellom Språkrådet og den valde leverandøren.
Vedlegg 9 til avtalen vert dette konkurransegrunnlaget.

6 KONTRAKT OG DATABEHANDLARAVTALE

Oppdragsavtalemalen SSA-O frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring skal brukast som kontraktssmal for oppdraget ([SSA-O \(Oppdragsavtalen\) | Anskaffelser.no](#)).

Dersom det trengst databehandlaravtale i oppdraget, skal denne utarbeidast av leverandøren.

7 VEDLEGG

1. Vedlegg 01 – Tilbodsbrief
2. Vedlegg 02 – SSA-O generell avtaletekst 2024 (nynorsk)
3. Vedlegg 03 – SSA-O bilag 2026 (nynorsk)

Vedlegg 1 skal fyllast ut og inngå i tilbodet. Tilbydar skal ikkje gjere noko med vedlegg 2 og 3. Desse er lagt ved til orientering om kva for avtale Språkrådet kjem til å bruke med vald leverandør.